

## NOTAT

til Førebuande fellesnemnd sitt møte 24. april 2017

### Sak 26/17 – Førebuing til felles kommunestyremøte

#### Ff sitt mandat:

- Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av førebuande fellesnemnd sitt arbeid så langt.

#### Aktuelle oppgåver i samsvar med mandatet:

- Fastsetja dato for felles kommunestyremøte i samråd med Fylkesmannen: **avtalt til onsdag 21. juni kl. 10.00 – 12.00 på Panorama hotell og resort.**
- Separate kommunestyremøte for dei tre respektive samanslåingskommunane i etterkant av fellesmøtet der dei formelle vedtaka skal fattast: **onsdag 21. juni ca. kl. 13.00, 3 møterom er reservert på Panorama hotell og resort.**
- Utarbeida oversyn over status for Førebuande fellesnemnd sitt arbeid. **Sjå vedlagte oversyn over status.**
- Utarbeida saksframlegg til felles kommunestyremøte og separate kommunestyremøte i dei tre respektive kommunane i samsvar med Inndelingslova §25, der følgjande må takast stilling til:
  - a) Namn på den nye kommunen

#### Tilråding frå Førebuande fellesnemnd:

Førebuande fellesnemnd tilrår at namnet på den nye kommunen vert Øygarden kommune.

- b) Talet på medlemmar i det nye kommunestyret. Dette er avtalt i intensjonsavtalen der det står at det nye kommunestyret skal vera samansett av 45 representantar. Formannskapet skal ha 11 medlemmar. Det vert lagt opp til gjennomgåande representasjon med fire hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, nærings- og samfunnsutvikling og areal- og plansaker med 9 medlemmer i kvart hovudutval. I tillegg kjem lovbestemte utval, til dømes administrasjonsutval og diverse andre råd og utval (eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonevne, UKS, m.v.)

#### Tilråding frå Førebuande fellesnemnd:

Førebuande fellesnemnd gjev slik tilråding, i samsvar med intensjonsavtalen:

- Det nye kommunestyret skal vera samansett av 45 representantar
- Det nye formannskapet skal ha 11 medlemmar
- Det vert lagt opp til gjennomgåande representasjon med fire hovudutval med 9 medlemmar i kvart hovudutval

- Oppvekst og kultur
  - Helse og omsorg
  - Nærings- og samfunnsutvikling
  - Areal- og plansaker
- Det vert elles lagt opp til følgjande lovbestemte utval med tal medlemmar:
  - Administrasjonsutval med 7 medlemmar, 4 politikarar og 3 tillitsvalte i samsvar med Intensjonsavtalen. Dei politiske medlemmane skal vera medlemmar i kommunestyret.
  - Kontrollutval med 7 personar, 4 politikarar og 3 medlemmar frå dei tilsette sine organisasjonar i samsvar med Intensjonsavtalen
  - Eldreråd med X medlemmar
  - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne med X medlemmar
  - UKS med X medlemmar
  - Fellesnemnda får fullmakt til å oppretta andre utval etter behov

c) Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova (jf. siste avsnitt om utarbeiding av saksframlegg i samsvar med Inndelingslova §26).

Tilråding frå Førebuande fellesnemnd:

- Medlemmane i Førebuande fellesnemnd vert valt til den formelle Fellesnemnda.
- Varamedlemmer vert valt etter reglane i kommunelova etter forhåndstalsval eller avtaleval (ikkje personlege varamedlemmar).
- Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
- Det vert oppretta eit partssamansett utval etter kommunelova §25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette. Det partssamansette utvalet får slik samansetjing: .....
- Det skal utarbeidast eit reglement for fellesnemnda som skal vedtakast i alle kommunestyra.
- Fellesnemnda får fullmakt frå kommunestyra til å tilsetja personell i den nye eininga, dette omfattar også tilsetting av administrasjonssjef og revisor.  
Tilsetting av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.
- Fellesnemnda får fullmakt til å ta avgjerd om sekretariat for kontrollutvalet, etter innstilling frå kontrollutvala.
- Fellesnemnda kan gje eit arbeidsutval mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

d) Val av revisor for **verksemda i fellesnemnda**

Tilråding frå Førebuande fellesnemnd:

- Førebuande fellesnemnd tilrår at XX kommune sin revisor vert valt som revisor for verksemda til fellesnemnda

- e) Oppretting av eventuelle **andre fellesorgan** for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Tilråding frå Førebuande fellesnemnd:

- Fellesnemnda får fullmakt til å oppretta eventuelle andre fellesorgan etter behov, for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Førebuande fellesnemnd ber sekretariatet om å utarbeida aktuelle saksframlegg til felles kommunestyremøte 21. juni, med påfølgjande separate kommunestyremøte i dei respektive samanslåingskommunane, der Førebuande fellesnemnd sine tilrådingar vert innarbeida.

## **Status og drøfting av førebuande fellesnemnd sitt arbeid så langt**

- ✓ **Seminarrekke** – Oppstartssamling i Oslo 31.oktober – 1.november 2016 (ordførarar, rådmenn, sekretær og tillitsvalte i ff deltok).
- ✓ **Oppstartsmøte 09.11.17**
  - Saker:
    - Sak 1/16: Velkommen og presentasjon av representantane i førebuande fellesnemnd
    - Sak 2/16: Godkjenning av innkalling og saksliste
    - Sak 3/16: Informasjon og orientering v/ordførarane (premissar og mandat, overordna framdriftsplan for etablering av «Vår nye kommune», inndelingslova som gjeld ved kommunenesamanslåinga med vekt på §§ 25 og 26 som sentrale paragrafar, seminarrekke for kommunar som har gjort vedtak om å slå seg saman)
    - Sak 4/16: Val av leiar og nestleiar
    - Sak 5/16: Tema til drøfting (Prioritering av oppgåver og framdriftsplan, deltaking seminarrekke – aktuelle tema)
    - Sak 6/16: Forslag til møteplan 2016 og 2017
    - Sak 7/16: Dato for framtidsseminar og kommunebesøk
    - Sak 8/16: Forslag til kommunikasjonsplan
    - Sak 9/16: Ymse (innspeil til saksliste, frist for utsending av saksliste, spørsmål om prosjektleiar, møtegodtgjersle)
- ✓ **Møte 2 – 08.12.16**
  - Saker:
    - Sak 10/16: Godkjenning av innkalling og saksliste
    - Sak 11/16: Godkjenning av referat frå møtet 09.11.16
    - Sak 12/16: Orientering – Digitalisering i Bergen kommune v/Robert Rastad og Kjetil Århushus
    - Sak 13/16: Endring i seminarrekke – konsekvensar for deltaking og møteplan
    - Sak 14/16: Rolleavklaring og styringsliner - politisk og administrativt
    - Sak 15/16: Oversyn over oppgåver knytt til etablering av ein ny kommune
    - Sak 16/16: Kva seier Intensjonsavtalen om digitalisering, interkommunalt samarbeid og selskap, kommunen som arbeidsgjevar og pensjonskasse?
    - Sak 17/16: Bestilling til administrasjonen
    - Sak 18/16: Prosess og krav for tilsetjing av prosjektleiar

- Sak 19/16: Godkjenning av kommunikasjonsplan
  - Sak 20/16: Val av arrangør for planlegging og gjennomføring av framtidsseminar. (Saka vart utsett til neste møte i førebuande fellesnemnd)
  - Sak 21/16: Ymse (Ingen saker vart behandla).
- ✓ **Seminarrekke** – seminar i Trondheim 23. – 24. januar 2017 med hovedtema arbeidsrettslege spørsmål. Heile førebuande fellesnemnd deltok + rådmenn, personalsjefar, sekretær og andre tillitsvalte.
- ✓ **Møte 3 – 20.02.17**
- Saker:
    - Sak 1/17: Godkjenning av innkalling og saksliste
    - Sak 2/17: Godkjenning av referat frå førre møte 08.12.2016
    - Sak 3/17: Presentasjon av gjennomført IKT-kartlegging
    - Sak 4/17: Status tilsetjing av prosjektleiar
    - Sak 5/17: Oppsummering seminar i Trondheim 23. – 24. januar - arbeidsrettslege spørsmål
    - Sak 6/17: Invitasjon til å delta i prosjektet: «Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing»
    - Sak 7/17: Planlegging og gjennomføring av framtidsseminar 15.05.17
    - Sak 8/17: Status framdriftsplan fase 2
    - Sak 9/17: Politiske rammer (FF) for etablering av den nye kommunen (Intensjonsavtalen kap. 7 – Prinsipp for tenesteyting). Gruppearbeid
    - Sak 10/17: Ymse (møtet 24.04.17 vert på Kollsnes-anlegget).
- ✓ **Møte 4 – 27.03.17**
- Saker:
    - Sak 11/17: Godkjenning av innkalling og saksliste
    - Sak 12/17: Godkjenning av referat frå førre møte 20.02.2017
    - Sak 13/17: Presentasjon av gjennomført kartlegging personalreglement
    - Sak 14/17: Tilsetjing av prosjektleiar – tilbydar rekrutteringsbistand
    - Sak 15/17: Påmelding toårig prosjekt lokaldemokrati, frist: 7. april 2017
    - Sak 16/17: Seminarrekke
    - Sak 17/17: Planlegging og gjennomføring av framtidsseminar 15.05.17
    - Sak 18/17: Politiske føresetnader for etablering av den nye kommunen (Intensjonsavtalen kap. 11 - Kommunen som arbeidsgjevar) – Gruppearbeid.

- Sak 19/17: Ymse – svar på innspel frå Vibeccke Hodneland om deltaking i prosessen med val av tilbydar rekrutteringsbistande og melding om felles kommunestyremøte 21. juni 2017.

✓ **Møte 5 – 24.04.17**

- Saker:
  - Sak 20/17: Godkjenning av innkalling og saksliste
  - Sak 21/17: Godkjenning av referat frå møtet 27.03.17
  - Sak 22/17: Presentasjon av gjennomført kartlegging selskapsstruktur
  - Sak 23/17: Status tilsetjing av prosjektleiar
  - Sak 24/17: Seminar 4 den 26. – 27. april på Scandic Bergen Airport, Flesland med tema: «Mål og visjoner for ny kommune – og gevinstrealisering i praksis»
  - Sak 25/17: Opplegg for gjennomføring av framtidsseminar 15.05.17
  - Sak 26/17: Førebuing til felles kommunestyremøte
  - Sak 27/17: Politiske føresetnader for etablering av den nye kommunen (Intensjonsavtalen ligg til grunn) – Gruppearbeid
  - Sak 28/17: Ymse - Møtedato 12. juni vert endra til fredag 16. juni kl. 09.00 – 12.00. Møtestad: Fjell rådhus.
- ✓ **Seminarrekke** - seminar 4 den 26. – 27. april på Scandic Bergen Airport, Flesland med tema: «Mål og visjoner for ny kommune – og gevinstrealisering i praksis»
- ✓ **Framtidsseminar – 15.05.17** – Panorama Hotell og Resort

**Leiargruppa i Førebuande fellesnemnd:**

- Leiargruppa har hatt 6 arbeidsmøte saman med sekretær, i perioden 23.11.16 – 28.03.17. I tillegg to møte i samband med val av tilbydar av rekrutteringsbistand prosjektleiar (21.03.17) og underskriving av kontrakt med tilbydar (18.04.17).

**Felles saksframlegg til kommunestyra:**

- Det har vore lagt fram to felles saker for kommunestyra etter innspel frå Førebuande fellesnemnd. Ei sak som gjeld utvida mandat til Førebuande fellesnemnd om tilsetjing av prosjektleiar og ei sak som gjeld invitasjon til å delta i prosjektet: Fornying og utvikling av lokaldemokratiet i kommunar med vedtak om samanslåing.
- Det vert lagt fram nye saksframlegg til felles kommunestyremøte 21. juni med påfølgjande separate kommunestyremøte i dei respektive kommunane som vedkjem Inndelingslova §§25 og 26.